


Seterbrukaren

SKRIFT FRÅ NORSK SETERKULTUR
NR. 1 – MARS 2004 – 7. ÅRGANG



INNHOLD:

- | | |
|---------|---|
| Side 2 | <i>Setring og turisme – Innkalling til årsmøte</i> |
| Side 3 | <i>Ja, de penga...</i> |
| Side 4 | <i>Ingenting er som livet på stølen</i> |
| Side 5 | <i>Møte med avtalepartane</i> |
| Side 6 | <i>Grønt Spa'tak – Kamp for geita</i> |
| Side 8 | <i>Eventyret hennar Randi Jonsdotter</i> |
| Side 9 | <i>Ta et tak-aksjon</i> |
| Side 10 | <i>Regionalt miljøprogram</i> |
| Side 11 | <i>Målet er styrking av seterdrifta</i> |

NOTSK
Seterkultur

Neste Seterbrukaren

kjem i juni. Frist for stoff og annonsar er 15. mai. Spaltene er opne for alt godt seterstoff, om både dagen i dag og stølsdrifta i tidlegare tider. Foto er vi og konstant på jakt etter! Elles vil vi gjerne presentere arrangement knytt til setra, seterstemne, faglege seminar, vandringar i seterlandskapet m.v. Det er mykje som skjer kringom i "seterlandet", og bruk gjerne Seterbrukaren eller www.seterkultur.no for å gjera det kjent.

Kontingenten

har vore uendra fra NSK vart skipa til 2003! Det trengst pengar både til utgjevinga av Seterbrukaren og den øvrige aktiviteten i laget, og årsmøtet 2003 vedtok å auke satsane litt. Såleis er det for 2004 kr. 200,- for støttemedlem/abonnement, kr. 300,- for aktive seterbrukarar og kr. 500,- for organisasjonar/institusjonar.

Medlemspengane

I dette bladet er giroen for medlemspengar/abonnement vedlagt. NSK veks både i medlemstal og aktivitet – og vi håpar mange betaler slik at organisasjonen får økonomiske ressursar til å vidareutvikle innsatsen for ei tradisjonell driftsform, ny næringsutvikling og vedlikehald av kulturlandskap og biologisk mangfald

Setring og turisme

Turistnæringen blir ofte pekt på som redningen for fortsatt seterdrift i Norge. Det legges fram ideer om både det ene og det andre som stølene kan tilby av aktiviteter og servering. Det har alltid vært en sterkt sammenheng mellom seterdrift og turisme. Fjellturismen hadde i sin spede begynnelse ikke vært mulig uten åpne setrer. Mange av turisthyttene har sin opprinnelse som ei seter som tok mot turister.

Det nye i situasjonen er derfor ikke koblingen seter - turist, men at avhengigheten tilsynelatende er i ferd med å gå motsatt vei. Nå er det setrene som er avhengig av turistene! Det kan i hvert fall se slik ut- og også høres slik ut når temaet er på bane. Noe riktig er det sikkert i dette også. Det er behov for setrer som tilrettelegger for turisme i større eller mindre grad, enten det er med overnatting, servering eller ulike aktiviteter. At turisme kan gi en pen tilleggsinntekt til flere enn de som gjør dette i dag er også ganske sikkert. Men jeg tror bildet ofte gjøres for enkelt.

Fortsatt er turisme som næring avhengig av at det finnes setring. Kanskje ikke på samme måte som før med behov for mer eller mindre planlagte overnatningssteder og spisestedar. Nei, rett og slett deres eksistens er det vi trenger. Turistnæringen trenger levende fjell! Hva annet er i stand til å skape og ta vare på det enn aktiv seterdrift? Det levende fjellet er en av grunnpilarene i vår kultur og preger oss fortsatt sterkt i vår matkultur. Det er dette turistene vil ha. En av våre store utfordringer nå, er å etablere en felles forståelse mellom turistnæring, myndigheter og landbruk om disse viktige økonomiske sammenhengene.

Vi har vært skeptiske til omleggingen av tilskuddet til setring fra å være et statlig tilskudd, til å bli et regionalt ansvar. Uten nasjonale virkemidler tror vi ikke nasjonale mål vil være annet enn tomme politiske ønsker. Men kanskje kan vi snu omleggingen til en fordel?

I en regional planlegging kan det kanskje være lettere å gripe fatt i den viktige sammenhengen som er mellom turisme og seterdrift? På regionalt nivå går det ikke an å tenke snevert bransjevis. Skal det i det hele tatt være noen vits med regional planlegging, så er det nødvendig å se etter helhet og den sammenhengen og nytten de ulike bransjer har av hverandre. Dette er en så viktig og stor oppgave at det ligger på et høyere systemnivå, enn at det kan løses med samarbeidsavtaler mellom enkelte hotell og enkelte setrer. Det må tenkes på en annen måte. En vesentlig del av de verdiene turistene legger igjen i vårt samfunn og i de enkelte bygder, skyldes våre levende fjell og vårt kulturlandskap.

Jeg foreslår ikke at turistnæringen skal betale avgifter til landbruket. Det jeg mener er at det må en ny forståelse til for hvorfor landbruket og seterholderne skal få betaling for jobben de utfører. Det er klart at landbruket fortsatt skal leve av å levere melk og kjøtt. Men det må skapes en annen forståelse for de andre verdiene de leverer ved sin eksistens. Dette må inn i en kommunal og regional planlegging når næringsutvikling står på dagsordenen. Og dette tror jeg det kan være lettere å få til på kommunalt og regionalt nivå enn det har vært på nasjonalt nivå.

En slik ny måte å tenke planlegging på, vil også være en utfordring for landbruket, ikke bare for de andre. Fokus må flyttes fra den enkelte bruker, fra den enkelte bransje til regionen. Det tror jeg vil bli en meget stor øvelse for de fleste, men også en kjempemulighet, kanskje den eneste? Vi ser i enkelte regioner tilløp til og forsøk på slik tenkning. Her bør vi i landbruket være aktive medspillere og pådriver.

Gjermund Stormoen

Innkalling til årsmøte i Norsk seterkultur

søndag 18. april kl. 09.30

på samfunnshuset i Vingelen, Tolga kommune.

Der inviterer vi samstundes til fagseminar laurdag 17. april.

Program for årsmøte-helga:

Laurdag 17. april

Vi møtest kl. 12.00 til ei matøkt før programmet tek til.

Kl. 13.00 – 17.30 Seminar med bl.a. følgjande tema: markering av Norsk Kulturarv sin "Ta et tak"-aksjon, seterprosjektet i Nord-Østerdalen, produksjon og økonomi og turisme/småskala foredling m.m.

20.00 Årsmøte-middag. Kulturelle innslag.

Søndag 18. april

09.30 Årsmøte. Årsmøtesaker i samsvar med vedtekten.

12.00 Avslutning og ein matbit før heimreise.

- Endeleg program blir gjort kjent seinare.

Påmelding:

E-post: hrald.sorli@vingelen.com

Telefon: 62 49 46 65, telefaks: 62 49 47 70

Ved påmelding ønskjer vi følgjande opplysningar: Overnatting: enkelt eller dobbeltrom/Behov for overnatting frå fredag 16. til laurdag 17. april og evt. kveldsmat fredag.

Bruk gjerne e-post. **Påmelding innan 6. april.**



Styret:

Leiar:

Jostein Sande, 6214 Norddal.
Tlf 70259108. jossande@online.no

Kjersti Reksten Sole,
2685 Garmo Tlf. 61 21 25 50
georgsol@frisurf.no

Sissel Dahle Lie, Skrenten, Øystre Slidre.
2950 Skammeistein
Tlf. 61 34 12 45

Odd Arne Espeland, Jondal
5627 Jondal
Tlf. 53 66 84 80 Faks 53 66 82 55

Gjermund Stormoen.
TINE BA. Tlf 22938800.
gjermund.stormoen@tine.no

Utgjevar:

Norsk Seterkultur, 6214 Norddal

telefon 70 25 91 77
telefaks 70 25 91 57
E-post: seter@seterkultur.no
www.seterkultur.no
Bankgiro: 2357 20 51169
Redaktør: Jostein Sande
Førtrykk: Stordfjord Bladlag AS
Trykk: NordvestTrykk

Framsidefoto:
Åshild Dale

Ja, de penga...

Bygdeutviklingsmidler (BU-midler) er viktigste økonomiske virkemidlet for landbruksstilknytta næringsutvikling i bygdene våre. Midlene kan nyttas til investering i **tradisjonelt** landbruk og i samband med utvikling og investering i **tilleggsnæring**. Inneværende år er det på landsbasis avsatt ei kvote på 143 mill. kr til tradisjonelt landbruk og 88 mill. til tilleggsnæring.

BU-midler er *ikke* penger en har *krav* på. Det må utformes søknad, og dersom søknaden blir prioritert og det økonomiske grunnlaget er i orden, kan en få BU-støtte. De kommunale landbrukskontorene sitter inne med kunnskap og personell til å veilede i disse sakene, og er de nærmeste å henvende seg til dersom en går med utbyggings – eller utviklingstanker. Når det gjelder prioritering av søknader, har vi både nasjonale og fylkesvise prioriteringer å forholde oss til. For seterbrukere kan det være aktuelt å søke BU-midler fra begge ”sekkene”.

TRADISJONELL BU. PRIORITERING.

I Oppland (som jeg kjenner) er det saker som har med forskriftsmessige utbedringer for storfe og saker der byggearbeidet er stort for å opprettholde en arbeidsplass i landbruket som har *høgest* prioritet. Dernest har vi ei gruppe med saker som skal ges *høg* prioritet; f. eks oppstart med ammeku (gitt visse tilleggskriterier).

Når det gjelder seterfjøs *kan* en i Oppland motta inntil 100.000 kr i støtte. Seterfjøs ligger ikke inne på prioritetslista hos oss, og uttelling her vil i stor grad avhenge om det blir midler til overs – og også hvordan BU-styrene vil fordele en eventuell ”tilovers”-pott. Prioriteringer og etterspørrelser etter midler kan variere mellom fylker og regioner. Dersom du har utbyggingsbehov på setra di – med et visst omfang – bør du vurdere å søke BU-tilskudd, sjøl om du er i et område med ”låge odds”.

TILLEGGSNÆRING

Her fins et konglomerat av muligheter for BU-støtte. Den dagen du seriøst vurderer å

satse på tilleggsnæring, kan det være en god ide å oppsøke landbrukskontoret for å drøfte tankene dine – og sjå på muligheter for finansiell drahjelp. De ”beste” ordningene gjelder nemlig de ”mjuke” investeringene – undersøkelser og skolering du foretar deg i en utredningsfase!

I områder der det arrangeres etablererkurs, blir en rådet (noen ganger formulert som krav) å delta på dette. Dette er et godt råd. På disse samlingene får en bistand til å formulere og konkretisere forretningssiden, utrede markedsmuligheter og vurdere økonomien i prosjektet.

Når en kommer til investeringsfasen er det viktig å være klar over at i vurderingen av disse sakene legges det stor vekt på at investeringsbehovet må stå i forhold til sysselsettingseffekt og inntjening! På BU-søknadsskjemaet ser en opplista de ulike tilskuddsordningene som fins.

Skjemaet finner du bl.a. på internet: www.snd.inovanor.no/soeknader

LITT OM TILSKUDD TIL INVESTERINGER OG RENTESTØTTE

Tilskuddssats er generelt 20% av kostnadsoverslag. Maksimalt avgrensa til 200.000 kr pr. bruk. Det settes krav om et minste kostnadsoverslag i tradisjonelle saker. Dersom du på ditt bruk har mottatt 200.000 i tilskudd, må du generelt vente 5 år før du kan få innvilga tilskudd neste gang. (I områder med stor etterspørsel etter BU-finansiering kan ”ventetida” være 10 år). NB! Dette gjelder investeringsstøtte, tilskudd til ”mjuke investeringer” kommer i tillegg..

Rentestøtteordningen kom i fjor og er derfor lite kjent. Rentestøtta reknas ut fra et serielån på 15 år, 5% rente. Grunnlaget for ”rentestøttelånet” er avgrensa til 60 eller 40 % av kostnadsoverslaget. Det pussige med dette tilskuddet er at det betales i halvårslige avdrag i 15 år. Det settes krav om et minste kostnadsoverslag (200-250.000 kr) for å få rentestøtte, både i tradisjonelle og i tilleggsnæringssaker. Maksimalgrense for ”rentestøttelån” er 1.000.000 kr.

Eksempelsak som får BU-støtte

til investering:

Godkjent kostnadsoverslag 500.000 kr
BU-tilskudd: $500.000 \text{ kr} \times 20\% = 100.000 \text{ kr}$
Grunnlag for rentestøtte,
60 % av 500.000 = 300.000 kr
Rentestøtte, totalt i løpet av 15 år:
 $(300.000 \text{ kr} : 2) \times 0,05 \times 15 = 112.500 \text{ kr}$

SØK RÅD

Jeg ble oppfordra om å skrive litt om BU-ordningene. Det er vanskelig å skrive litt – og samtidig være korrekt. Ordningene er dessuten mye mer komplekse enn hva som kommer fram her. Vær også klar over at det som gjelder i Oppland ikke nødvendigvis er direkte overførbart til Sør-Trøndelag sjøl om hovedtrekkene er de samme. Spesielt innafor dette vi kaller ”tilleggsnæringer” finnes mange finansieringsmuligheter. Å starte egen virksomhet er et løft som kan stille store krav; både økonomisk og menneskelig. Det er derfor viktig å nytte de ordningene som fins – og bruke fagpersoner i kommunene for å avdekke de riktige mulighetene. Et godt råd til er å sjekke om det finnes kommunale tilskuddsordninger. Mange kommuner har for eksempel næringsfond der det er mulig å søke tilskudd.

Kjersti Reksten Sole



Fotokonkurranse

Kven tek det beste stølsbiletet i 2004? Norsk seterkultur inviterer til konkurranse - i første rekke om ”årets foto”, men vi har også ein ”open klasse” for eldre foto. Vi tek imot papirkopiar eller digitalt. Sjå adr. side 2. I neste nr. av Seterbrukaren presenterer vi premiar og jury.



Ingenting er som livet på stølen!



Vi vart så glade då Anne Ulsaker Bækken frå Ulsåkstølen fortalte at ho ville ha oss på stølen i sommar som hjelpebudeier! Og vi kunne ikkje vore meir fornøgde med sommarjobben! Det har verkeleg vore mykje å lære. Interessa vår for gards- og stølsliv har vokse!

Ulsåkstølen ligg kjempeflett til under det steile Skoghorn (1728 moh) i ekte eventyrlandskap i Hemsedalsfjella. Opp dit tek familien Ulsaker/Bækken turen kvar sommar frå midten av juni til midten av september, med nesten alle dyra frå garden Ulsåk nede i Hemsedal. Då vert det liv i fjella! For i området ligg det mange stølar som elles i Hallingdal. Her er det eit aktivt stølsliv å sjå til, men likevel er det dessverre slik at mange stølar ikkje lengre er i drift, blant anna på grunn av økonomi. Difor tykkjer vi det er veldig viktig å støtte opp om stølslivet rundt om i landet.

Ja, så først i juli vart vi ynskte velkomne i den gamle stølsbua frå 1800-talet av trievelege hemsedølingar. Det var Anne og mannen hennar, Gunnar Bækken, som tok imot, og dei bydde på hallingkost!

Lysta til å arbeide sat godt i oss og vi kom straks i gang. Hovudansvaret vårt var den koselege kafeen i stølsbua, men elles fekk

vi også mange andre forskjellige oppgåver. Der på stølen er det ope for alle til å kome og oppleve stølslivet slik det er i dag. På ein dag var det veldig mange kjekke folk som kom på besøk! Alle slags mulege menneske; born, foreldre, besteforeldre og turistar, især frå Nederland og Danmark. Dei kom til dømes innom på tysdagar eller torsdagar då det var stølsdag og bakedag. Då kunne ein baka flatbrød, sjå på separering av mjølk og ysting av ost – kort sagt ha ein triveleg dag på stølen!

Det er eit eige kokehus på stølen der ystinga av ost og anna matlagning føregår, og vi fekk vere med og hjelpe til med mykje der. Det er skikkelege varer som blir laga og selde! Vi kan nemne prim (også kalla mysost), mjølkeprim, flatbrød, ferskost med urter og kvikaku, som vi steikte kvar morgon. Berre god mat kvar dag! (Kanskje vi må forklare kva ”kvikaku” er; den liknar på den trønderske skeibladkaka)

Dyra levde eit godt liv på stølen, dei tre geitekillingane sprang og hoppa rundt og den nyfødde kalven var med på leiken. Kyrne var på plass utom fjøset bestandig ved mjølketid og gjekk elles ute på beite. Hønutn (som hemsedølene seier) var svært frittgåande, og eggjakta rundt omkring var populær, særblant ungane som var svært ivrige. Mange fleire dyr var det, bl.a. griser som hadde gode dagar på stølen, i vel 900 meters høgde.

Ein minnerik sommar har vi hatt og det skal bli flere somrar på Ulsåkstølen. Då skal vi igjen yste ost, ta imot turistane, koke ekte rømmegrøt og leve det gode stølsliv! Om du tek turen innom skal du sjå du får ei oppleving du vil leve lenge på!

Takk for oss!

**AV EIVOR BRANDSETH
OG STINE SOMMERVOLL**

Hva er ei seter?



Jeg spurte datteren min her en dag om hva hun tenkte på når jeg sa ordet ”seter”. ”Da tenker jeg på små koselige hus, ofte med gress på taket, geiter som går omkring. Det er gjerne en skigard der og så ser vi fjellene med snø bak og omkring”. Hadde noen i dag stilt meg spørsmålet som min datter fikk, så ville jeg helt sikkert svart noe annet, om utnyttelse av utmarka, om driftstekniske og driftsøkonomiske forhold osv. Men ved litt ettertanke kunne jeg godt svart det samme som henne. Hennes beskrivelse passer utrolig med mine første minner om ei seter.

Det er interessant hvordan ståstedet påvirker våre vurderinger av hva vi tillegger verdi! Allikevel ligger det første møtet der som et viktig grunnlag for verdiene vi seinere utvikler.

Mitt første møte med seterdrift var som turist. Jeg var ti år og på hyttetur i Valdres sammen med en bror og en onkel. Hytta lå, som de fleste hytter gjorde den gang, tidlig på sekstitallet, nede i bygda. Det var fiske på sjøen like ved, som var det vesentligste. Men en dag skulle vi gå på fjelltur. Dette var faktisk mitt aller første møte med snaufjellet!

Det var en flott morgen, og vi la i vei med lange steg, oppover og oppover. Vi hadde ingen ting med oss, ikke en gang en bit sjokolade eller noe annet godt å putte i munnen. Jeg har alltid siden vært skeptisk til ungkarers vurderingsevne og planleggingsevne. Vann drakk vi fra bekken. Men vakkert var det og jeg lærte å kjenne heiloas plystring. Etter noen timers vandring begynte sulten å melde seg, men vi var langt hjemmefra, flere timers marsj var det tilbake til hytta.

Da var setra der, redningen. Vi gikk inn, onkel forklarte situasjonen og spurte om mat. Jeg kan ikke huske om han gjorde det med ydmykhet eller selvfølgelighet. Men vi fikk mat! Det ble dekket opp et bord som fortsatt står klart for meg. Spekemat, rømme, lefse, vafler, brunost, syltetøy - og så kald og god melk!

Vi gikk nærmere 10 timer den dagen, men det er ikke det jeg husker, det er heller ikke sulten som må ha vært der. Nei det er den åpne fjellvidda med høye fjell i horisonten, heiloa, geiteflokkene og ikke minst gjestfriheten! I dag kan jeg se at denne turen helt sikkert er en vesentlig basis for min interesse for fjell, levende fjell med seterdrift. Det har påvirket både mitt valg av yrke og mine fritidsinteresser. Møte med ei åpen seter i barndommen har gjort meg som vokste opp i et villastrøk like utenfor Oslo bygrense, til en talsmann for seterliv!

Forresten rart å tenke på at seterdrift er en siste rest av nomadeliv i vår kultur.

Gjermund Stormoen

Møte med avtalepartane

Det var styremøte i Norsk seterkultur 5. februar, der ein drøfta aktuelle økonomiske og politiske utfordringar for seterdrifta – og la planar for seminar og årsmøte. NSK får mange henvendelsars om eit mangfold av tema, og for styret sin del er det viktig å delegera oppgåvene. I det nettverket som NSK utgjer finst det kompetanse på mange område, og oppgåva til organisasjonen er i stor grad å vera ”ballfordeler”. Utfordringane som følgjer av at setertilskotet forsvinn som nasjonalt verkemiddel var elles tema, og NSK har gjennom møte med avtalepartane sentralt - Bondelaget, Småbrukarlaget og Landbruksdepartementet - og kontakt med landbruksavdelingane i fylka og neylkesorganisasjonar i landbruket prøvd å påverke dei prioriteringane som no skal skje regionalt. Pressa har også vore flittig brukt i den samanheng.

Sjølv om styrking av seterdrifta er uttrykkeleg nemnt i stortingsproposisjonen, så veit vi at det blir kamp om prioriteringane i fylka: mange gode formål melder seg på når midlar skal fordela! Styret drøfta elles oppfølging av tidlegare initiativ overfor miljøstyresmaktene, arbeidet med ein særskilt status for seterkulturen/stølslandskapet (tankar om verdsarvstatus har vore lansert) – og det vidare samarbeidet med landbrukssamvirket. NSK er representert i Tine sitt småskalaforum og har også elles god dialog med meierisamvirket. Seterdrifta og stølskulturen er norsk landbruk på sitt beste – og kan utnyttast betre i alliansebygging og kommunikasjon med verda omkring.



Grønt spa'tak

- ungdom tek eit tak i seterstell og beitetilsyn

Våren og sommaren nærmar seg raskt, og førebuingane til sommarens Grønt Spa'tak er for lengst i gong. – Vi satsar på å få til eit minst like vellukka prosjekt som i fjor, og då treng vi endå fleire som kan vere vertskap for deltakarane våre, seier Andreas Kokkvoll Tveit i Natur og Ungdom.

Grønt Spa'tak er eit samarbeidsprosjekt mellom Natur og Ungdom og Norsk Bonde- og Småbrukarlag, med Felleskjøpet og Norsk Seterkultur som nære støttespelarar. Tanken bak prosjektet er at ein gjennom å tilby ungdom sommarjobb på seter, gard og beitetilsyn kan setje jordbrukspolitikk på dagsorden. – Vi ynskjer å vise at jordbrukspolitikk er ein viktig del av miljøpolitikken. Det finst meir og mindre miljøvennlege måtar å produsere mat på, og vi vil støtte opp om dei miljøvennlege. I den samanhengen er utnytting av lokale ressursar viktig for oss. Lokalprodusert mat er miljøvennleg, trygt og solidarisk, og vi vil

motarbeide den utviklinga som foregår i dag. 8 nedlagde gardsbruk dagleg og eit stadig meir industrialisert landbruk er eit svik mot miljøet, og vi ynskjer å dra med oss enda fleire ungdomar i kampen for å stanse denne utviklinga, seier Tveit.

På det grunnlag vart Grønt Spa'tak starta i 1993, og sidan den gong har eit stort antal ungdomar vore ute i sommarfjellet kvart år. I tillegg til at dei får eit høye til å gjøre ein konkret innsats for det miljøvennlege landbruket, er hovudmålet altså å bevisstgjøre ungdomane kring dei viktige landbruks-politiske spørsmåla. – Vi vil bruke tid på å skulere deltakarane på førehand, slik at dei kan diskutere jordbruks-politiske saker med bøndene dei besøker. Eit av måla er jo at utvekslinga skal vere fruktbar både for vertskap og deltakarar.

Dei siste 3 åra har det ikkje vore høye til å reise ut og arbeide på gard, men i år har arrangørane bestemt seg for å ta inn att dette tilbodet. – Dei siste års prosjekt har fokusert veldig mykje på å vise kva som er miljøvennleg jordbruk, og då har bruk av utmarksressursar blitt sterkt vektlagt. Vi skal sjølv sagt halde på dette fokuset, men vi ynskjer også å vise meir av kva som er dei konkrete problema for landbruket. Då er det naturleg å la deltakarane reise ut på gard igjen. Det er ein del av jordbruksnæringa

som spesielt merkar krava til industrialisering og effektivitet, og ungdomane skal sjå kva utfordringar gardbrukarane står overfor, seier han.

OGSÅ DELTAKING I ROVDYRDEBATTEN

Beitetilsyn er også ein viktig del av Grønt Spa'tak. Der får deltakarane delta på tilsyn av husdyr på utmarksbeite, og brukar tida på å gå omkring i fjellet og passe på at dyra har det bra. I tillegg til at dei skal drive førebyggjande tiltak mot rovdyrangrep berre ved å vere til stades i fjellet, skal dei rapportere om rovdyrskadar der det har skjedd. Dette er eit tilbod som har blitt svært populært, og over halvparten av dei 50 som deltok på Grønt Spa'tak i fjor, gjekk beitetilsyn.

Denne utplasseringa gjer også prosjektet til ein deltakar i rovdyrdebatten. Ting har tidvis gått hardt for seg på dette området, og det har vore vanskeleg å få auge på forsøk på forståing og dialog mellom miljøvernalar og bønder. – Gjennom media får ein inntrykk av at rovdyrdebatten er svart/kvitt, og at miljøvernalar og bønder står milelangt ifrå kvarandre. Men i våre auge er dette ei svært vanskeleg sak som det ikkje er lett å ta stilling til. Vi i Natur og Ungdom meiner at vi i rovdyrdebatten har to miljøhensyn som står opp mot kvarandre. Bruk av utmarksressursane er den mest miljøvennlege måten vi kan ha kjøtproduksjon på, difor må vi halde

Geita viktig i mange stølsområde

Det trengst kamp for geita!

Den partssamansette arbeidsgruppa som har utgreidd framtidig struktur og tiltak for geithaldet er delt. Regjeringa sine to representantar går inn for at 85 geitmjølk-produsentar i 40 kommunar må omstille eller avvikle! Norsk Bonde- og Småbrukarlag og Norges Bondelag går inn for at berre dei om lag 25 produsentane, alternativ 1, som i dag ikkje får industriell anvendelse av mjølka, skal falle utanfor dei geografiske områda for framtidig satsing på geitmjølkproduksjon. Såleis er gruppa delt i to, og det blir kamp om det framtidige geithaldet.

Statens representantar går inn for alternativ 2, som går lengst i avvikling av geithaldet. Dette vil ramme mange som har satsa offensivt på denne produksjonen – og område der geita utgjer ein viktig ressurs i så vel verdiskaping og sysselsetting, som i skjøtsel av kulturlandskap og vedlikehald av biologisk mangfald. I ”avviklingsområda” finn

vi t.d. mange av dei geitbuskapane som blir ført til seters om sommaren, og dermed er viktige i å oppretthalde opne stølslandskap. I eit dyrehelseperspektiv er det også grunn til å åtvare mot å fjerne geita frå store deler av landet. Såleis kan vi ikkje unnlate å peike på at det er mange store paradoks i staten sitt framlegg, og det er grunn til å reise ein offensiv og kreativ kamp for geita og geithaldet! Sjølv sagt er det ikkje snakk om brå og brutal avvikling, geitmjølkprodusentane har sjølv sagt sine rettar og plikter som eigarar i meierisamvirket – og vi føreset at Tine er offensiv i å hjelpe til med å skape ei framtid i næringa! Vidare utvikling av geithaldet i dei områda som blir føreslege haldne utanom blir krevjande for den einskilde, så det trengst samarbeid og solidaritet.

Produsentane kan avvikle eller omstille til ku, gå inn på annan produksjon eller satse på eiga foredling av mjølka. Det er framlegg




om ei omstillingspakke på kr. 75.000,- pr. år i inntil fem år. Med eit samla tal geitmjølkprodusentar godt under 600 er staten sitt framlegg kraftig kost, og mange - både i og utanfor næringa - fryktar for heile geithaldet. Vi sluttar oss til utsegna frå geitbonde Ellen Marie Tangen i Stor-Elvdal, som til avisar Nationen seier følgjande: ” Nå må geitebøndene stå sammen”!

fram med å ha husdyr på beite. Samtidig er rovdyna viktige delar av vår natur, og vi er gjennom internasjonale avtalar forplikta til å vere med på å ta vare på det biologiske mangfaldet. For å komme fram til ei løysing i eit så vanskeleg spørsmål er forståing og dialog mellom partane heilt nødvendig. Gjennom at vi let miljøinteressert ungdom reise ut og møte bøndene og dei utfordrингane dei har med rovdyr i kvarårsdagen, håpar vi å kunne bidra konstruktivt til at ein kan komme fram til ei løysing som alle kan leve med.

Håvard Lundberg frå Landsstyret i Natur og Ungdom var sjølv på beitetilsyn gjennom Grønt Spa'tak i fjor, og hadde stor nytte av opphaldet. – Å reise på beitetilsyn er utruleg bra viss ein skal prøve å setje seg inn i rovdyrdebatten. Når ein har vore med på noko slikt er det mykje lettare å forstå korleis livet som bonde er, og kvifor konflikta er såpass stor og betent. Og samtidig fekk vi jo eit utruleg fint opphold, med masse turgåing i fjellet og genialt bra vær, seier Lundberg, som anbefalar alle interesserte å delta.

HÅPAR PÅ AUKA OPPSLUTNING

Dei siste åra har prosjektet hatt ei jamn stigning i antal deltakarar, og som nevnt vart til saman 50 ungdomar utplasserte i fjor. Tveit håpar på at den positive trenden vil halde fram: - Vi trur dette prosjektet har potensiale til å dra med seg endå fleire i aktivt miljøvern i sommarfjellet, og satsar på at vi i år kan passere fjorårets deltakarantal. Og då treng vi endå fleire som kan ta imot deltakarane våre! Sjølv om vi i år også skal ha utplassering på gard, reknar vi med at det



Håvard Lundberg, landsstyremedlem i NU, anbefaler alle å bli med på Grønt Spa'tak.

framleis vil vere fleire som vil reise på sæter og beitetilsyn. Difor henvender vi oss først og fremst til dei som driv seter eller er med i beitetlag om å vurdere å ta imot ”spatakistar” i sommar. Dette er eit fantastisk høve til å gjere noko konstruktivt for miljøet og landbruksmiljøet vårt. Her har bønder og miljøvernalar

ei sak der vi har felles interesse, og då er det utruleg viktig at vi nyttar sjansen til å arbeide saman. I ei tid der både miljøet og landbruket er under sterkt press, er alliansebyggjing heilt nødvendig, seier Tveit, og oppfordrar alle interesserte til å ta kontakt med Natur og Ungdom som administrerer arbeidet.



Biletet er henta frå Vingelen si heimeside: www.vingelen.com

Seminar og årsmøte i Vingelen

”Norges best bevarte bygd” blir Vingelen i Tolga kommune kalla. Og dit legg Norsk seterkultur årets fagseminar og årsmøte. Sjå innkalling/invitasjon side 2. Samfunnshuset er møtelokale – og gardsbruk med overnattings- og serveringstilbod hyser dei tilreisande. Vingelen Næringssselskap ordnar det praktiske, og NSK samarbeider med seterprosjektet i Nord-Østerdal om det meste av innhaldet. Arrangementet vil elles gi plass for ei markering av at Norsk Kulturarv

set i gang ein ny ”Ta et tak”-aksjon, som i 2004 og 2005 dreier seg om stølshus. Kring 40 bruk i Vingelen driv framleis setring, så det er så absolutt ein naturleg stad å legge årssamlinga til Norsk seterkultur. Seminar-programmet er ikkje heilt spikra når dette blir ført i pennen, men vi kan love alle seterbrukarar og andre seterinteresserte eit interessant og nyttig program. Vi håper mange finn vegen til Vingelen denne helga, der vi også vil få oppleva lokal kultur både i mat og musikk!

Eventyret hennar Randi Jonsdatter

Det ligg utruleg mykje historie i stølane! Sissel Dahle Lie presenterer gjerne denne soga om stølen deira når det kjem turistar til støls:

I 1806 kom det ein mann gåande hit saman med kona si. Dei heitte Tollef Tollefson og Randi Jonsdotter. Tollef hadde nett kjøpt halvparten av garden å bror sin, og no skulle han ha seg støl. Dei kom hit ein tidleg vårdag medan gauken gol og det tok til å grønast i liene kring. Dei likte det dei såg og bestemte seg for at her ville dei byggja seg støl.

I nesten 40 somrar var Randi budeie her, det var rekna for kvinnfolkarbeid å vera på stølen. Randi hadde med seg både kyr, geiter, sau og gris, slik alle andre hadde, og alle skulle ha stellet sit kvar dag. Det var kyrne og geitene det var mest arbeid med. Kvar morgen måtte ho stå grytidleg opp for å mjølke og sidan få dyra ut på beitet slik at dei kunne nyitta mest mogeleg av det saftige fjellbeitet. Det var viktig, ikkje berre fordi dei skulle mjølke godt, men og fordi dei skulle bli feitast råd slik at dei skulle klare seg gjennom ein lang vinter.

Deretter var det tid for å få ystegryta over varmen. Fyrst vart kvitosten teken ut av mjølk ved hjelp av osteløype – eit stoff som dei fekk frå kalvemagen – det har vore viktig å vera sjølvforsynt med det aller meste. Etter at kvitosten var laga var det tid for å koke inn mysa til prim eller brunost. Dette var eit langt, varmt og hardt arbeid. Det måtte kokast og rørast mest heile dagen. Det gjekk mykje brennsel til dette arbeidet – brennsel som dei måtte finne rundt stølen. Slik vart landskapet rundt stølane ope og fritt. Alle beitedyra som gjekk på stølsvollen var og med på å halde vegetasjonen nede.

Tollef og Randi fekk to soñer, Jon og Nils, og dei fekk og vera med på stølen når dei var små. Det viktigaste arbeidet å unga på den tida var å gjeta buskapen, for det var ikkje fritt for rovdyr her omkring på dei tidene, særleg kunne ulven vera lei!

Ho Randi hadde heilt sikkert mange fine dagar på stølen, når veret var fint, kyrne kom heim i tide og når molte og blåbær var mogne og klare til å bli plukka. Men det var og mange tunge dagar, når arbeidet hopa seg opp, når ho var redd for ungane som var ute og gjette eller når veret var därleg med mykje regn, vind og torevær. For ikkje å snakke om når ho i mørke haustkveldar gjekk og lydde etter kyrbjølla. Då var stølsromantiken vanskeleg å finna.

Slik gjekk livet på stølen frå midten av juni



Bilde frå stølen ca. 1930.

til sist i september kvar einaste sommar. Det var små forandringer i driftsmåten dei neste 3 generasjonane og – slik det hadde vore sidan dei første stølbrukskunstane kanskje så langt tilbake som yngre steinalder, ca 2000 år før Kristus.

Så er vi komne til året 1927, nye og unge krefter overtok og ting tok til å skje. Det vart bygd nytt sel, fjøs og låve på stølsjordet. Det var mange som var på stølen rundt her i desse åra, heile 9 stølar var i bruk. Med så mange stølar i bruk var det mange dyr som skulle finna seg mat om dagane, det var så mange at kyrne måtte gå lengre og lengre vekk for å finna nok mat, og det kunne bli seint før dei kom att til kvelds. Derfor fann dei på at dei skulle laga eit fellesbeite slik at dei kunne ha kyrne innanfor gjerdet. Dette beitet vart ferdig i 1960 og har vore i bruk sidan.

Når det gjaldt mjølkeforedlinga var det og store endringar på gang. I 1929 fekk kommunen eige meieri, og mjølkeforedlinga vart flytt frå stølen til meieriet, og med det vart mykje av arbeidet til budeia forandra.

Neste generasjon heldt fram arbeidet med å gjera stølen lett vindtare å drive. Det vart inn-

lagt vatn, det kom mjølkemaskin og aggregat. I tillegg fekk budeia sertifikat og bil slik at ho kunne køyre heim nesten kvar dag.

Så er vi komne til oss som driv i dag, vårt bidrag til utviklinga har så langt vore straum og røyrmjølkingsanlegg. For å ha litt fleire bein å stå på har vi valt å starte med litt turisme, vi vil gjerne vise fram det vi driv med, vise andre at vi faktisk er stolte av arbeidet vårt. Vi har og prøvd å ta opp at noko av det dei dreiv med for 100 år sidan, slik som ysting, separering, laging av rømme og prim.

For vårt vedkomande er ikkje eventyret slutt endå -vi håper at det vil vere i mange år, kanskje generasjonar enno. Men for svært mange stølar enda eventyret då framstega byrja, då det skulle bli lett vindtare og vi skulle få meir fritid.

Kanskje hadde Randi og dei andre forkvinne våre kvalitetar som vi har mista på vegen?

Kanskje vi skulle prøve å finne att nærheita til dyr og natur, og kanskje vi skulle våge å vera stolte over arbeidet vi gjer, sjølv om vi er ”berre” på stølen om sommaren? Det er tross alt eit eventyr både for små og store å oppleva ein stølssommarsommer.

Bli medlem i Norsk seterkultur!

Denne utgaven av Seterbrukaren blir sendt til alle aktive seterbrukere (– også en del som i løpet av siste par år har sluttet å ha kyrne på stølen), videre til ei rekke organisasjoner og institusjoner som vi meiner kan ha nytte av bladet, og sjølsagt til alle som var medlemmer eller abonnementer siste året. Giroblankett for betaling av medlemskap eller abonnement er vedlagt, og vi håper mange vil være medlemmer eller ha bladet som informasjon om slikt som skjer på dette feltet. Det koster å gi ut Seterbrukaren, holde www.seterkultur.no oppdatert og å drive det faglige og mer politiske arbeidet, sjøl om det meste av arbeidet i NSK skjer uten betaling. Derfor trenger vi abonnementer – og vi trenger medlemmer før å stå sterkere i arbeidet for å bygge allianser og sikre framtida for ei viktig driftsform.

Mange vil bli budeie!

Norsk seterkultur får mange henvendelser om seterjobb. Seterbrukaren kommer ut for sjeldent til at vi kan bruke den til "jobbformidling", men vi har "Markedsplassen" på heimesida til slikt. De som trenger hjelp på setra må gå inn på www.seterkultur.no. Og sjølsagt må tilbud om seterjobb annonserast samme sted!

Norsk Kulturarvs fjerde "Ta et tak"-aksjon!



Aksjon "Ta et tak 2004-2005" er nå lansert! Fokuset denne gang er på støls- og setermiljø.

Nytt av året er muligheten til å sende inn søknaden via nettet. (www.norskkulturarv.no) Søknadsskjema og mer informasjon finner du i medlemsbladet Kulturarven og hos din kommune eller fylkeskommune, eller du kan ta en utskrift på nettet.

Aksjonen arrangeres i år i samarbeid med Statens Landbruksforvaltning, Miljøverndepartementet, Norges Bondelag, Norsk seterkultur og If Skadeforsikring.

Husk å send to bilder sammen med søkeren. Bildene kan legges ved digitalt eller sendes pr post. Søknadsfristen er 15.mai 2004 og frist for ferdigstilling er 1.oktober 2005

Norsk Bufe

er ein "paraply-organisasjon" for dei sju gammelku-laga. Leiarane i dei sju styra utgjer styret i Norsk Bufe. Representantar for Norsk Bufe og styret i Norsk seterkultur møttest nyleg for å drøfte felles saker. Mange av eldsjelene som tek vare på dei gamle norske kurasane driv også setring, og er gjerne også engasjert i Norsk seterkultur. Fleire av dei gamle kurasane var i ferd med å gå tapt, men entusiastar greidde å berge dei i siste liten. Likevel er ikkje "kampen" over, det er jamt over for få kyr til at ein kan vera trygg for framtida. Eit mindre tilskot pr. dyr over jordbruksavtalen og eit tilskot til Norsk Bufe verkar sjølv sagt positivt, men det trengst ytterlegare tiltak for denne delen av vårt biologiske mangfald. Møtet konkluderte med at ein skal halde tett kontakt og samarbeide om konkrete framlegg og tiltak.

SJU LAG FOR DEI GAMLE KURASANE

Sidut Trønderfe og Nordlandsfe: ca. 700 kyr. Leiar: Jostein Brenden, Skåbu.
Telemarksfe ca. 730 kyr. Leiar: Gunnar Haugo, Rauland.
Vestlandsk Fjordfe ca. 640 kyr. Leiar: Nils S. Drabløs, Straumgjerde.
Dølafe ca. 200 kyr. Leiar: Olav Sunde, Stange.
Østlandsk Rødkolle ca. 100 kyr. Leiar: Rune Brumoen, Svatsum.
Vestlandsk Raudkolle ca. 200 kyr. Leiar: Steinar Holshagen Bjørnstad, Heidal.
Jarlsbergfe ca. 100 kyr. Leiar: Georg Sole, Garmo

Norsk Bufe hadde årsmøte nyleg, i Dalarne i Sverige (!) – som viser at dei gamle norske kurasane også er aktuelle i utlandet - og Nils Sigurd Drabløs held fram som leiar. Han fortel elles at Norsk Bufe har vore i møte i Landbruksdepartementet for å ta opp dei utfordringane ein står overfor i arbeidet for desse eldgamle husdyrrasane.

FIN KALENDER

Vi er komne godt ut i 2004, men vi tillet oss likevel å reklamere for Norsk Bufe sin kalender. Ikkje så reint få av dei flotte bileta – av kyr, sjølv sagt – er tekne i fine beite- og stølsområde, og illustrerer såleis kor viktig det beitebrukande landbruket er. Ansvarlege produsentar for kalenderen er Olav Sunde, Jønsbergv. 303, 2335 Stange, tlf. 62 58 42 91 og Anne Saglien, Rustom, 2642 Kvam, tlf. 61 29 59 61.

Biletet er henta frå kalenderens februar side og viser telemarkskuva Gullrein hjå Christian Saxlund.



Regionalt miljøprogram

Arbeidet med utforming av desse programma, der midlane som har gått til tilskot til setring no hamnar, er i full gang i alle fylke. Det er kome ulike innspell når det gjeld verkemiddel som kan styrke seterdrifta – og ein viss drakamp mellom ulike gode formål må ein nok rekne med.

Fra nokre fylke hører vi om framlegg om gradering av seter-tilskot etter kor lenge ein brukar setra, t.d er det i allefall i eitt fylke føresleje kr. 13.000,- til bruk som nytta setra 6-8 veker – og kr. 7.000,- i tillegg for meir enn 8 veker. Gjeldande regelverk krev 4 veker (levering eller foredling) av mjølk. Ei premierung av lengre bruk av setra er avgjort rett veg å gå.

Ser muligheter, får ikke lov

er tittelen på en reportasje i Nationen om Steingrim Hestekind og kona Laila, som driver geitegard med seter i Etnedal i Oppland. Nå er geitedrifta deres, med kvote på 55 tonn, trua av regjeringa sine representanter som vil bli kvitt 85 geitbruk i 40 kommuner. Det hører med til historia at Steingrim er blind. Reportasjen forteller om dyktighet og satsing, og klare tanker om framtida for bygdene, verdiskaping og kulturlandskap. Og Steingrim avslutter med følgende: " Landbrukspolitikken til Lars Sponheim er en katastrofe for distriktsene. Det er rart at jeg som er blind skal se muligheter som landbruksministeren med to øyne som virker ikke ser, tordner Steingrim Hestekind, som vil kjempe for at det fortsatt skal være lov å drive med geiter i Etnedal."

Sunne fjell og levende bygder

skriver Pernille Rød Larsen, leder i Den Norske Turistforening, om i siste nr. av Fjell og Vidde. Hun uttrykker uro over at 3-4000 gardsbruk blir lagt ned hvert år, og at bygdesamfunn avfolknes og legges øde. " Folk, kultur, produksjon og kulturlandskap forsvinner fra fjellenes nærområder ". DNTs prosjekt med lokal mat på turisthyttene er et godt eksempel på sammenhengen levende bygder og sunne fjell, og hun avslutter artikkelen slik: " At levende bygder med beitende dyr, spesielt geit og sau, er med å holde kulturlandskapet i hevd, er også viktig for vår turopplevelse og for det biologiske mangfoldet. – Jeg vil herved utfordre bygdene til en kreativ produktutvikling med tanke på oss turfolk, og gjerne ta kontakt for et samarbeide. Myndighetene utfordres til å tilpasse regelverk slik at småkalabedrifter kan få levelege kå. Så kan vi i DNT oppfordre turfolk til å velge lokal mat fra bygdene, slik at turopplevelsen blir enda rikere! Friluftslivet representerer et av markedene som bygdene trenger for å leve"

Utviklingen i antall setrer i drift

I forrige nummer av Norsk seterkultur, omtalte Jostein Sande utviklingen i setrer i aktiv bruk siste år. I 2003 var en kommet ned på 1277 setrer. Jeg har sett litt på utviklingen lenger tilbake og har funnet følgende tall for utviklingen:

1907	44239
1949	21814
1969	6100
2000	1670

Utviklingen må sies å være dramatisk og spesielt de siste årene har nedgangen i antall setrer i aktiv bruk vært vesentlig sterkere enn det nedgangen i antall bruk skulle tilsi. I løpet av de første femti årene i forrige århundre ble antall setrer redusert med noe over 50%, de neste femti årene ble antall setrer redusert med mer enn 90%! Årsaken til utviklingen er mangesidig og for en stor del kjent.

Hva skjer framover? Det er et ganske håpløst spørsmål å svare på, men det er ganske klart at det norske samfunn står foran viktige beslutninger om vi fortsatt skal ha aktiv seterdrift som en viktig del av norsk kultur.

Ulike prognosar for utviklingen i antall melkeprodusenter, gjør det sannsynlig å regne med at vi i 2020 sitter igjen med omrent en tredjedel av dagens produsenter, dersom det ikke gjøres aktive tiltak for å snu utviklingen. (kfr Meieriposten 2/2004). Dette gjelder både for ku og geitemelksprodusenter. Den sterke strukturendringen som forventes de neste årene skyldes bl.a. store investeringar i nye husdyrrom, ikke minst



som følge av nye forskrifter og krav til dyrevelferd.

STORE UTFORDRINGER

Når bruksstørrelsen tre- eller firedobles, står naturlig nok dagens seterdrift foran en kjempeutfordring. Det er lett å bli pessimist når man ser slike tall over historisk utvikling og prognosar for framtidig utvikling. Det er da viktig å snu seg å se litt bakover. Da ser man at de som har sluttet, stort sett har gjort det ut i fra egne valg, enten i forbindelse med generasjonsskifte eller som følge av ønske om å gjøre noe annet. Selv om det nok inn i mellom sikkert kan oppleves som en frivilig tvang, så oppleves det nok allikevel helt sikkert som noe annet enn brått å komme til en stengt fabrikkport.

Det er ikke min mening å sette disse

forholdene mot hverandre. Mitt poeng er å peke på at den som har en eiendom har en veldig ressurs og dermed er i en faktisk valgsituasjon for framtidig bruk av denne ressursen. I mange tilfelle oppleves det også slik, at det å fortsette som i dag, ikke er noe reelt valg.

Den største utfordringen vår er å unngå å bli fylt av vemod og pessimisme. Forandringer er alltid også en ny mulighet. Utvikling og kvalitet har alltid vært næringslivets viktigste og eneste overlevelses strategi. Denne tenkningen må også legges til grunn i tenkingen om setrenes framtid. Landbruket har vokst ved å tenke fellesskap og samvirke. Det tror jeg fortsatt er riktig tenkning. Men framover bør det kanskje tenkes nytt om hva man skal samarbeide om og hvem man skal samarbeide med.

Gjermund Stormoen

Desentralisering av verkemidla

Målet er styrking av seterdrifta

Norsk seterkultur har hatt møte med både Norges Bondelag og Norsk Bonde- og Småbrukarlag der utfordringane for seterdrifta har vore tema. Faglaga er involvert i utforminga av dei regionale miljøprogramma i fylka, og deira rolle er sjølv sagt viktig i utforminga i dei ulike fylka.. I jordbruksforhandlingane i fjor foreslo faglaga ein monaleg auke av setertilskotet og at det skulle vidareførast som sentralt tilskot, men regjeringa ville det annleis. Resultatet av jordbruksforhandlingene i 2003 vart at tilskot til seterdrift, tilskot til dyrking av for i fjellet, driftsvansketilskot til brattlende bruk, tilskot til organisert beitebruk, tilskot til endra jordarbeiding og fylkesvise midlar til informasjons- og miljøtiltak blir fjerna som sentrale tiltak. I staden blir midlane overført til fylka som regionale miljøprogram, og fylka skal sjølv disponere og prioritere bruken av desse pengane. To fylke skal gjennomføre ordninga alt i 2004, medan dei andre kjem etter i 2005 – og fra da vil det altså ikkje vera noko sentralt tilskot til seterdrift. Med denne omlegginga blir innsatsen overfor fylka og organisasjonar i fylka på ein måte viktigare enn regjeringskvartalet – i allefall på kort sikt.

NSK RETTAR INNSATSEN MOT FYLKA

Avviklinga av det nasjonale tilskotet har uroa mange som driv setring, og for NSK er det no ei viktig oppgåve å sikre at seterdrifta ikkje får mindre tilskot med den nye ordninga – og at ein får etablert ein enkel søknads- og tildelingspraksis. Rimeleg likskap i regelverk og tilskotssats mellom fylka er også eit mål for NSK. Dette har vi opplevd stor forståing for i faglaga, og vi er svært tilfredse med at Bondelaget sentralt har formidla mange av synspunkta våre ut til fylkeslaga. For at alle som driv seterdrift skal kunne få støtte og at ikkje kvar einskilt må formulere eigne søknadar i konkurransen med andre gode føremål, går ein inn for at det blir etablert eit årleg tilskot gjennom dei regionale miljøprogramma etter i hovudsak same prinsipp som gjeldande ordning. Dette vil vera enkelt å administrere, og det vil verke motiverende og forutseibart for dei som driv setring. Vi reknar med at dette blir følgt opp i dei gruppene som arbeider med opplegget for dei regionale miljøprogramma. I somme fylke er ein kome relativt langt med å utforme regelverk og prioriteringar, i andre fylke er ein i desse dagar i startgropa. Så langt kan vi konstatere at seterdrifta møter svært mykje velvilje – noko som bør resultere i meir midlar til driftsforma.

DESENTRALISERING GIR ROM FOR ENGASJEMENT

NSK har hatt forespørslar om synspunkt og faglege innspel frå mange fylke, og vi konstaterar at det no er viktig at seterbrukarane – og andre seterinteresserte – engasjerer seg i dette gjennom faglaga og gjerne med innspel til forvaltninga på fylkesnivå. Det går fram av stortingsproposisjonen som omhandlar gjeldande jordbruksavtale at tiltak for å styrke setring skal prioriterast, og vi går ut frå at dette blir følgt opp i alle fylka som har aktiv setring. Det er sjølv sagt også viktig at seterbruket er ”frampå” når kommunane no har fått hand om SMIL-midlane, som omfattar m.a. tilskota til særskilte tiltak i landbrukets kulturlandskap (STILK). Desentraliseringa av verkemiddel til kommune-og fylkesnivå byr på problem og utfordringar, men likevel mest mulegheiter for vidareføring og nyskaping innan seterdrifta.

VIL KJEMPE FOR FRISKE MIDLAR

Norsk seterkultur vil elles følge opp det initiativet ein har teke i samarbeid med Fjellregionrådet og World-Watch overfor miljøvernministeren og landbruksministeren. Det trengst også friske midlar om seterdrifta verkeleg skal få oppleve ein ”ny vår” – og eit nytt tilskot på 15-20.000 kroner pr. seter er ikkje for mykje når det handlar om eit internasjonalt ansvar!

Jostein Sande

Ønsker å kjøpe

Amerikakoffert/skipeskiste, smørkinne, separator
og melkesil – i brukbar stand.

Tlf. 51 74 45 96

Bli med i



Da er du med på å:

- fremme seterdrifta og seterkulturen
- legge grunnlaget for eit informasjons- og kompetanse-senter for seterkulturen
- skape eit nettverk og eit familjø, for aktive seterbrukarar og andre interesserte

Du får Seterbrukaren 4 gonger i året.

Medlemskontingent 2004

Aktiv seterbrukar	kr. 300,-
Støttmedlem/abonnement på Seterbrukaren	kr. 200,-
Organisasjonar/institusjonar	kr. 500,-

Ja, eg vil bli medlem

- Aktiv seterbrukar
 Organisasjonar/institusjon
 Støttmedlem/tinging

av Seterbrukaren

Navn:

Adresse:

Telefon:

Du kan også registrere deg seg medlem på våre heimesider: www.seterkultur.no

NORSK SETERKULTUR

6214 NORDDAL

Tlf.: 70 25 91 77
Fax: 70 25 91 57
E-post: seter@seterkultur.no
Bankgiro: 2367 20 51 169



NORSK SETERKULTUR
6214 NORDDAL

Norsk Kulturarv
TA ET TAK 2004-2005
Støls- og setermiljø



Vil du vite mer?

BLI MEDLEM NÅ!

www.kulturarv.no



Den Norske Turistforening formidler natuopp-levelser for livet. Derfor samarbeider vi med Norsk Seterkultur for aktiv stølssdrift i et levende kulturlandskap.

Kraftfôrvalg til beite er enkelt!

Kvaliteten og tilgangen på beitegraset er som regel best om våren og på forsommelen. Utøver sommerever er det viktigst å holde stølsl kvalitet. Felteiner som bestrykt og værforhold er da sentrale.

FORMEL		BEITENØKKEL		
Vælge	Svært godt beite	Middels godt beite	Ugodslig beite/utmark	Lite beite
10 kg			1 kg FORMEL Faser 20	2 kg FORMEL Fiber
15 kg			2 kg FORMEL Faser 20	4 kg FORMEL Fiber
20 kg	1 kg FORMEL Faser 10	3 kg FORMEL Faser 20	5 kg FORMEL Faser 20	8 kg FORMEL Fiber
25 kg	2 kg FORMEL Faser 10	5 kg FORMEL Fiber	7 kg FORMEL Faser 20	10 kg FORMEL Fiber
30 kg	5 kg FORMEL Fiber	7 kg FORMEL Fiber	9 kg FORMEL Faser 20	12 kg FORMEL Fiber
35 kg	7 kg FORMEL Fiber	9 kg FORMEL Fiber		

Dersom mjølkes mengden går ned, vet du at det er på tide å vurdere mengde og type kraftfôr.

FORMEL

Gitt lønnsomhet for bonden



Mange av våre produkt har rot i stølkskuluren og vi støttar Norsk seterkultur i arbeidet for denne driftsforma